

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 23.10.03 **Tid:** 17.00-21.50

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemmene og varamedlemmene (evt. dei to første varamedlemmene på kvar valliste) i brev .  
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21

**Andre som var tilstades på møtet:**

Administrasjonssjef og ass.administrasjonssjef

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 27.10.2003

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent med følgjande merknad:

**Sture Tveit** gjorde ordføraren kjent med at han ved utsending ikkje hadde fått med alle dokumenta til møtet.

**Bright Olav Gåsdal** ba om at talarstolen ikkje vart nytta i dette møtet m.a. av omsyn til dei nye kommunestyrerepresentantane. Han peika og på at utsendt vedlegg til sak 37/03-41/03 har for dårlege kopiar til at dei kan lesast.

I sak 47/03 er det ikkje laga saksutgreiing, noko som ikkje burde vore tilfelle i ei so viktig sak.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

**Bright Olav Gåsdal** ba om at det nye kommunestyret ikkje godkjenner protokollen frå det "gamle" kommunestyret. Ordførar var samd i dette, og oppmoda representantane som og var med i førre periode til å gje raske tilbakemeldingar på protokollen om dei hadde merknadar.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sigmund Dyrhovden** stilte spørsmål om kven som har ansvar for vedlikehaldet av idrettsbana.

Adm.sjefen viste til at det er idrettslaget sitt ansvar.

**Arne Jørgenesen** viste til at kommunen har vald representantar til banenemnda.

Ordføraren bad administrasjonen om at det vert gjennomført eit møte om saka.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Administrasjonssjefen orienterte om status for kommuneøkonomien for 2003, og om arbeidet med budsjettet for 2004.

Det vart informert om skriv frå NVE om utrekning av endeleg oppgjer knytt til Samnangerkonsesjonen. Med rentekompensasjon tilbake til 1993 får Samnanger kommune overført vel 3.8 mill. kroner.

Ordføraren orienterte om at det ville verta sendt ut ei liste der kommunestyremedlemmane skulle føra opp adresser, telefonnummer o.a.. M.a. vil informasjonen frå lista verta lagt ut på kommunen si heimeside.

Det var kome førespurnad til kommunen om å ta del i ein ny innsamlingsaksjon som er eit samarbeid med Redningsskøyten og TV2. Det vart sendt rundt liste slik at dei som ville hjelpa til fekk skriva seg på.

Møteplan for hausten 2003 vart delt ut. Ordføraren presiserte at det er møteplikt, fråver må grunngjevast, melding til ordførar/fellestenesta.

**Merknader til møteboka**

Ved handsaming av sak 39/03 vart det frå Sp si side peika på at det vart gjort ein feil i sak **37/03** – val til personal- og økonomiutvalet. Røystetalet på 14 for felleslista og 7 for lista for Ap gir ei mandatfordeling på 4 for felleslista og 1 for Ap og ikkje slik vedtaket står med 3 for felleslista og 2 for Ap. Sp krov at vedtaket i denne saka vart korrigert i samsvar med avgitte røyster.

Møtet vart heva. Det vart halde gruppemøte.

Etter at kommunestyremøtet vart sett på nytt gjorde **Bright Olav Gåsdal** Ap kommunestyret kjent med at eit listeframlegg frå fleire parti/grupperingar skal underskrivast av minst ein frå kvart parti/gruppering. Det inneber at innlevert fellesliste skal ha 4 underskrifter, og den hadde berre to. Det vart vist til rundskriv nr. h-23/03 frå kommunal- og regionaldepartementet pkt. 1.5.1.4. Gåsdal krov då at det vart halde omval til personal- og økonomiutvalet.

**Sp v. Arne Jørgensen** bad kommunestyret om at saka vart sendt til kontrollutvalet for godkjenning. Administrasjonssjefen orienterte om at det er Fylkesmannen som gjennomfører lovlegheitskontroll av kommunestyret sine vedtak. Sp hald fast på at dersom det vart gjennomført nytt val, krov dei at det vart gjennomført lovlegheitskontroll.

Ordføraren ba om tilslutning frå kommunestyret om at valet vart kjend ugyldig, og at sak om val til personal- og økonomiutvalet (formannskap og administrasjonsutval) vart fremja på nytt som sak 48/03.

Kommunestyret slutta seg til dette.

Sakene 37 og 48 vil saman med møteboka verta oversendt fylkesmannen til lovlegheitskontroll.

I sak 38/03 val til kontrollutvalet var situasjonen den same, felleslista mangla underskrifter. Det vart då vedteke å halda nyval til kontrollutvalet. Denne saka fekk sak nr. 49/03.

Sak 48 og 49 vart handama før endeleg handsaming av sak 39.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0037/03	03/00430 <b>VAL AV MEDLEMMER TIL PERSONAL - OG ØKONOMIUTVALET (INKL. FORMANNSKAP OG ADMINISTRASJONSUTVAL)</b>
0038/03	03/00430 <b>VAL TIL KONTROLLUTVALET</b>
0039/03	03/00430 <b>VAL TIL UTVAL FOR OPPVEKST OG OMSORG</b>
0040/03	03/00430 <b>VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I UTVAL FOR OPPVEKST OG OMSORG</b>
0041/03	03/00430 <b>VAL TIL NATURUTVALET</b>
0042/03	03/00430 <b>VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I NATURUTVALET</b>
0043/03	03/00430 <b>VAL AV NEMNDER, RÅD OG UTVAL 2003 NEDSETJING AV ARBEIDSUTVAL</b>
0044/03	03/00415 <b>VAL AV UTSENDINGAR TIL ÅRSMØTET I BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD</b>
0045/03	03/00430 <b>VAL AV UTSENDING TIL KOMMUNENES SENTRALFORBUND</b>
0046/03	00/00079 <b>PERMISJON FRÅ VERV SOM KOMMUNESTYREREREPRERSENTANT</b>
0047/03	03/00421 <b>POLITIREFORM 2000 - FASE 2. UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE</b>

0048/03

03/0043

**VAL AV MEDLEMMER TIL PERSONAL - OG ØKONOMIUT-  
VALET (INKL. FORMANNSKAP OG ADMINISTRASJONS-  
UTVAL) - ny handsaming**

0049/03

03/00430

**VAL TIL KONTROLLUTVALET – ny handsaming**

0037/03

**VAL AV MEDLEMMER TIL PERSONAL - OG ØKONOMIUTVALET  
(INKL. FORMANNSKAP OG ADMINISTRASJONSUTVAL)**

**Handsaming i møte:**

Magda Haugen sette fram eit felles listeframlegg frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp.

1. Marit Aase (Krf) – ordførar
2. Jon Magne Bogevik (Frp) – varaordførar
3. Helge Reistad (Bgl)
4. Magda Haugen (Bgl)
5. Sture Tveit (H)
6. Sigmund Dyrhovden (krf)
7. Arne Tverlid (Frp)
8. Hjørdis Tysse (krf)

Olaug Øystese sette fram følgjande listeframlegg frå Ap:

1. Elin Dyrseth Liøen
2. Brigt Olav Gåsdal
3. Olaug Karin Øystese
4. Nils Gåsdal
5. Liv Berit Khadoor
6. Frode Bjørnås

Det vart sett ned følgjande teljekorps: Sigmund Dyrhovden, Odd Lønnebakken, Idar Reistad  
Desse fungerte som teljekorps for alle vala. Sp v/Øyvind Røen bad om gruppemøte.

Det vart røysta over dei ulike listeframlegga.

Ap sitt listeframlegg fekk 7 røyster .

Felleslisteframlegget frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp fekk 14 røyster.

3 av listene var retta utan at det fekk konsekvensar for kva kandidatar som vart valde.

**Vedtak:**

Samnanger kommunestyre har valt følgjande representantar med vararepresentantar til PØ:

Medlem	Varamedlem
Ap: Elin Dyrseth Liøen	1. vara Olaug Karin Øystese
Ap: Brigt Olav Gåsdal	2. vara Nils Gåsdal
	3. vara Liv Berit Kvernes Khadoor
	4. vara Frode Bjørnås
Krf: Marit Aase	1. vara Magda Haugen
Frp: Jon Magne Bogevik	2. vara Sture Tveit
Bgl: Helge Reistad.	3. vara Sigmund Dyrhovden
	4. vara Arne Tverlid
	5. vara Hjørdis Tysse

0038/03

**VAL TIL KONTROLLUTVALET****Handsaming i møte:**

Det vart sett fram eit felles listeframlegg frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp:

1. Tone Tysseland
2. Gisle Gardar Øye
3. Bjarne Våge
4. Svein Rødseth
5. Ellen Birgitte Nordbø

Ap sette fram følgjande listeframlegg:

1. Odd Lønnebakken
2. Ranveig Soldal
3. Ole Totland
4. Bjørg Solvang

Sp sette fram følgjande listeframlegg:

1. Helga Nygard
2. Arne Jørgensen
3. Bjørg Haukanes
4. Gottfred Haga.

Det vart røysta over liste- framlegga med følgjande resultat:

Ap sitt listeframlegg fekk 7 røyster,

Sp sitt listeframlegg fekk 3 røyster.

Felles listeframlegg frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp fekk 11 røyster.

**Val av leiar og nestleiar til kontrollutvalet.**

Felles listeframlegg frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp : Leiar - Gisle Gardar Øye.

Ap sette fram framlegg på Odd Lønnebakken som nestleiar.

Det vart først røysta over val av leiar . Øye vart samrøystes vald.

Deretter vart det røysta over val av nestleiar. Lønnebakken vart samrøystes vald.

**Vedtak:**

Følgjande representantar er valde i kontrollutvalet for Samnanger kommune:

<b>Medlem</b>	<b>Varamedlem</b>
Ap: Odd Lønnebakken	1. vara Ole Totland
Ap: Ranveig Soldal	2. vara Bjørg Solvang
Bgl: Tone Tysseland	1. vara Svein Rødseth

H: Gisle Gardar Øye	2. vara Ellen Birgitte Nordø
Bgl: Bjarne Våge	

Leiar Kontrollutvalet: Gisle Garder Øye  
Nestleiar kontrollutvalet: Odd Lønnebakken

0039/03

## VAL TIL UTVAL FOR OPPVEKST OG OMSORG

### Handsaming i møte:

Felles listeframlegg frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp:

1. Magda Haugen (Bgl)
2. Hjørdis Tysse(Krf)
3. Thomas Moss (Krf)
4. Geir Markhus (Bgl)
5. Vidar Ramsli Rolland (Bgl)
6. Ruben Dyrhovden (Krf)
7. Marion Langhelle Pedersen (Frp)
8. Janne Iren Drevsjø (Bgl)

Ap:

1. Liv Berit Khadoor
2. Nils Gåsdal
3. Elin Dyrseth Liøen
4. Jan Ove Haga
5. Rita Myrvang Taule
6. Stian Langeland

Sp:

1. Audhild Aadland Olsnes
2. Helga Nygård
3. Harald Jørgensen
4. Rune Teige
5. Gottfred Haga

### Sp bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det frå Sp si side peika på at det vart gjort ein feil i sak **37/03** – val til personal- og økonomiutvalet. Røystetalet på 14 for fellesslista og 7 for lista for Ap gir ei mandatfordeling på 4 for fellesslista og 1 for Ap og ikkje slik vedtaket står med 3 for fellesslista og 2 for Ap. Sp krov at vedtaket i denne saka vart korrigert i samsvar med avgitte røyster.

Møtet vart heva. Det vart halde gruppemøte.

Etter at kommunestyremøtet vart sett på nytt gjorde **Bright Olav Gåsdal** kommunestyret kjent med at eit listeframlegg frå fleire parti/grupperingar skal underskrivast av minst ein frå kvart parti/gruppering. Det inneber at innlevert fellesliste skal ha 4 underskrifter, og den hadde



berre to. Det vart vist til rundskriv frå kommunal-og regionaldepartementet. Gåsadal krov då at det vart halde omval til personal- og økonomiutvalet

**Magda Haugen** orienterte om at ho hadde fått opplysning om at det var tilstrekkeleg med to underskrifter, og at ho i god tru hadde levert listeframlegget etter dette.

Ordføraren bad kommunestyret om å røyste for at valet av representantar til personal- og økonomiutvalet (PØ) vart kjent ugyldig.

3 røysta imot og 18 for at valet på medlemmene til PØ-utvalet vart kjent ugyldig. Val av representantar til PØ må etter dette gjennomførast på nytt.

Ordføraren vart gjort merksam på at valet til kontrollutvalet også var ugyldig ut frå same grunn. Ordføraren føreslo nytt val til kontrollutvalet. Kommunestyret slutta seg til dette.

Kommunestyret slutta seg og til at dei gjennomførte omvala i sak 47/03 og sak 48/03 vart handsama før endeleg handsaming av sak 39/03.

### **Val til utval for oppvekst og omsorg.**

Det vart røysta over dei tre listeframlegga.

Felleslista fekk 11 røyster.

Ap sitt listeframlegg fekk 7 røyster.

Sp si liste fekk 3 røyster.

### **Vedtak:**

Følgjande representantar er valt i oppvekst og omsorg for Samnanger kommune

<b>Medlem</b>	<b>Varamedlem</b>
Ap: Liv Berit Kvernes Khadoor	1. vara Elin Dyrseth Liøen
Ap: Nils Gåsadal	2. vara Jan Ove Haga
	3. vara Rita Myrvang Taule
	4. vara Stian Langeland
Bgl: Magda Haugen	1. vara Vidar Ramsli Rolland
Krf: Hjørdis Tysse	2. vara Eva Hellevang
Krf: Thomas Moss	3. vara Ruben Dyrhovden
Bgl: Geir Marhus	4. vara Marion Langhelle Pedersen
	5. vara Janne Iren Drevsjø
Sp Audhild Aadland Olsnes	1. vara Helga Nygård
	2. vara Harald Jørgensen
	3. vara Rune Teige
	4. vara Gottfred Haga

0040/03

**VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I UTVAL FOR OPPVEKST OG OMSORG**

**Handsaming i møte:**

Nils Gåsdaal sette fram framlegg på Liv Berit Khadoor som leiar  
 Arne Jørgensen sette fram framlegg på Audhild Aadland Olsnes som nestleiar  
 Sigmund Dyrhovden sette fram framlegg på Magda Haugen som nestleiar

Det vart røysta over framlegget på leiar – Liv Berit Khadoor vart samrøystes vald.  
 Det vart røysta alternativt over dei to framlegga til nestleiar. 3 røysta for Olsnes og 18 røysta for Haugen.

**Vedtak:**

Liv Berit Khadoor vert leiar i oppvekst og omsorg.  
 Magda Haugen vert nestleiar i utval for oppvekst og omsorg.

0041/03

**VAL TIL NATURUTVALET****Handsaming i møte:**

Fellesframlegg frå Bgl, Krf, H og Frp til representantar til naturutvalet:

1. Marion Langhelle Pedersen (Frp)
2. Idar Reistad (Bgl)
3. Sture Tveit (H)
4. Sigmund Dyrhovden (Krf)
5. Janne Iren Drevsjø (Bgl)
6. Hjørdis Tysse (Krf)
7. Kjell Roar Nordvik (H)
8. Anita Rødseth (Frp)
9. Ruben Dyrhovden (Krf)

Ap sette fram følgjande framlegg til val av representantar til naturutvalet:

1. Olaug Karin Øystese
2. Frode Bjørnås
3. Reidun Abotnes
4. Vidar Tveiterås
5. Anne Amalie Lønnebakken
6. Johnny Sandvik

Sp sette fram følgjande framlegg til val av representantar til naturutvalet:

1. Øyvind Røen
2. Solvor Aadland
3. Arne Jørgensen
4. Vidar Trengereid
5. Bjørg Haukanes

Brigt Olav Gåsdal ba om kort gruppemøte. Det vart innvilga.

Det vart røysta over listeframlegga:

Fellesframlegget fekk 10 røyster

Ap sitt framlegg fekk 7 røyster

Sp sitt framlegg fekk 3 røyster.

1 røyst var blank

Det var ikkje rettingar på nokon av listene, men reglane om kjønnskvotering i Likestillingslova gjeld, noko som medfører at Janne Iren Drevsjø tek plass som fast medlem i staden for Sigmund Dyrhovden som vert første varamedlem for felleslista.

#### Vedtak:

Medlem	Varamedlem
Ap: Olaug Karin Øystese	1. vara Reidun Abotnes
Ap: Frode Bjørnås	2. vara Vidar Tveiterås
	3. vara Anne Amalie Lønnebakken
	4. vara Johnny Sandvik
Frp: Marion Langhelle Pedersen	1. vara Sigmund Dyrhovden
Bgl: Idar Reistad	2. vara Hjørdis Tysse
H: Sture Tveit	3. vara Kjell Roar Nordvik
Bgl: Janne Iren Drevsjø	4. vara Anita Rødseth
	5. vara Ruben Dyrhovden
Sp Øyvind Røen	1. vara Solvor Aadland
	2. vara Arne Jørgensen
	3. vara Vidar Trengereid
	4. vara Bjørg Haukanes

0042/03

#### VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR I NATURUTVALET

##### Handsaming i møte:

Felleslista sette framlegg på Idar Reistad som leiar av naturutvalet.

Ap sette fram framlegg på Olaug Karin Øystese som nestleiar av naturutvalet.

Sp sette fram framlegg på Øyvind Røen som nestleiar av naturutvalet.

Det vart først røysta om val av leiar. Idar Reistad vart samrøystes vald til leiar.

Det vart røysta alternativt over val av nestleiar. Olaug Karin Øystese fekk 18 røyster og Øyvind Røen fekk 3 røyster. Øystese vart vald til nestleiar.

#### Vedtak:

Leiar i naturutvalet: Idar Reistad  
 Nestleiar i utvalet: Olaug Karin Øystese

0043/03

**VAL AV NEMNDER, RÅD OG UTVAL 2003  
 NEDSETJING AV ARBEIDSUTVAL**

**Handsaming i møte:**

**Helge Reistad** bad om fritak frå resten av kommunestyremøtet pga familiere tilhøve klokka 21.15, noko som kommunestyret aksepterte.

**Jon Magne Bogevik** sette fram framlegg om følgjande repr. til nemnda:

Bright Olav Gåsdal (Ap)  
 Magda Haugen (Bgl)  
 Jon Magne Bogevik (Frp)  
 Sture Tveit (H)  
 Øyvind Røen (Sp)  
 Sigmund Dyrhovden (Krf)

Samrøystes valde

Administrasjonen kallar inn til møte.

.

**Vedtak:**

Følgjande vert valde til å førebu val til ulike utval og nemnder:

Bright Olav Gåsdal (Ap)  
 Magda Haugen (Bgl)  
 Jon Magne Bogevik (Frp)  
 Sture Tveit (H)  
 Øyvind Røen (Sp)  
 Sigmund Dyrhovden (Krf)

Administrasjonen kallar inn til møte.

0044/03

**VAL AV UTSENDINGAR TIL ÅRSMØTET I BERGEN OG OMLAND  
 FRILUFTSRÅD**

**Handsaming i møte:**

**Jon Magne Bøgevik** sette fram følgjande framlegg:

Eva Hellevang – vara: Øyvind Røen

Jon Magne Bøgevik – vara: Sigmund Dyrhovden

Olaug Karin Øystese – vara: Idar Reistad

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune sine utsendingar til årsmøtet i Bergen og Omland Friluftsråd vert:

Eva Hellevang – vara: Øyvind Røen

Jon Magne Bøgevik – vara: Sigmund Dyrhovden

Olaug Karin Øystese – vara: Idar Reistad

0045/03

**VAL AV UTSENDING TIL KOMMUNENES SENTRALFORBUND****Handsaming i møte:**

Sigmund Dyrhovden sett fram følgjande framlegg:

Ordførar Marit Aase vert vald til Samnanger kommune sin utsending til Kommunenes Sentralforbund med varaordførar Jon Magne Bøgevik som vararepresentant

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Ordførar Marit Aase vert vald til Samnanger kommune sin utsending til Kommunenes Sentralforbund med varaordførar Jon Magne Bøgevik som vararepresentant

0046/03

**PERMISJON FRÅ VERV SOM KOMMUNESTYREREREPRÆSENTANT**

**Handsaming i møte:**

**Inge Aasgaard** bad kommunestyret vurdere om han er ugild under handsaminga av saka. Han gjekk frå møtet under handsaminga av spørsmålet.

Kommunestyret fann at han var ugild ved handsaming av søknad om fritak frå verv. Aasgaard deltok ikkje i vidare handsaming.

**Sigmund Dyrhovden** sette fram følgjande framlegg:

Søknaden frå Inge Aasgaard om mellombels fritak frå verv som kommunestyrerepresentant vert imøtekomen. Ivar Berland går inn som repr. i kommunestyret i staden for Inge Aasgaard fram til 01.08.04.

Kommunestyret slutta seg samrøystes til Dyrhovden sitt framlegg.

**Vedtak:**

Søknaden frå Inge Aasgaard om mellombels fritak frå verv som kommunestyrerepresentant vert imøtekomen. Ivar Berland går inn som repr. i kommunestyret i staden for Inge Aasgaard fram til 01.08.04.

0047/03

**POLITIREFORM 2000 - FASE 2.****UTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE****Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

Samnanger kommune ønskjer primært at det framleis vert lensmann knytt til kontoret på Bjørkheim.

Dersom dette ikkje er mogeleg, kan Samnanger kommune godta at

Alt. 1

Samnanger og Kvam lensmannskontor vert oppretta som ei driftseining dersom Samnanger vert tilgodesett med å få felles administrasjonsressursar frå desse to kommunane lagt til Bjørkheim.

Alt. 2

Samnanger lensmannskontor knyttest til driftseininga Osterøy og Åsane/ Arna. Samnanger finn det naturleg at Arna vert administrasjonsenter i ein slik modell.

Det er ein føresetnad i dei framlagde alternativa at polititenestetilbodet i Samnanger ikkje vert redusert. Tenestestaden i Samnanger må oppretthaldast med minst like godt, gjerne betre tenestetilbod enn i dagens situasjon.

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune ønskjer primært at det framleis vert lensmann knytt til kontoret på Bjørkheim.

Dersom dette ikkje er mogeleg, kan Samnanger kommune godta at

Alt. 1

Samnanger og Kvam lensmannskontor vert oppretta som ei driftseining dersom Samnanger vert tilgodesett med å få felles administrasjonsressursar frå desse to kommunane lagt til Bjørkheim.

Alt. 2

Samnanger lensmannskontor knyttest til driftseininga Osterøy og Åsane/ Arna. Samnanger finn det naturleg at Arna vert administrasjonsenter i ein slik modell.

Det er ein føresetnad i dei framlagde alternativa at polititenestetilbodet i Samnanger ikkje vert redusert. Tenestestaden i Samnanger må oppretthaldast med minst like godt, gjerne betre tenestetilbod enn i dagens situasjon.

0048/03

**NYTT VAL TIL PERSONAL- OG ØKONOMIUTVALET 2003  
(INKL. FORMANNSKAP OG ADMINISTRASJONSUTVAL)**

**Handsaming i møte:**

Det vert vist til debatten som kom opp under handsaming av sak 39/03. som og er omtala i møteboka under merknader til handsaming.

Ordføraren bad om ny handsaming av sak 37/03, då dette vedtaket var kjent ugyldig.

Kommunestyret slutta seg til at det skulle skje nytt val på medlemmer og varamedlemmer til personal- og økonomiutvalet, og at det skulle skje som ny sak.

Det var sett fram felles listeframlegg frå Ap, Bgl, Krf, H, Frp:

Marit Aksnes Aase – ordførar	Krf
Jon Magne Bogevik - varaordførar	Frp
Elin Dyrseth Liøen	Ap
Bright Olav Gåsdal	Ap
Helge Reistad	Bl
Magda Haugen	Bl
Olaug Karin Øystese	Ap
Sture Tveit	H
Nils Gåsdal	Ap

Liv Berit Kvernes Khadoor	Ap
Sigmund Dyrhovden	Krf
Arne Tverlid	Frp

Det vart røysta over framlegget. 16 røysta for, og 5 røystesetlar var blanke.

### **Vedtak:**

#### **Fylgjande vart valde til personal- og økonomiutvalet**

##### **Medlemmer**

Marit Aksnes Aase – ordførar	Krf
Jon Magne Bogevik - varaordførar	Frp
Elin Dyrseth Liøen	Ap
Bright Olav Gåsdal	Ap
Helge Reistad	Bl

##### **Varamedlemmer**

1. vara Magda Haugen	Bgl
2. vara Olaug Karin Øystese	Ap
3. vara Sture Tveit	H
4. vara Nils Gåsdal	Ap
5. vara Liv Berit Kvernes Khadoor	Ap
6. vara Sigmund Dyrhovden	Krf
7. vara Arne Tverlid	Frp

0049/03

#### **VAL TIL KONTROLLUTVALET - NY HANDSAMING**

##### **Handsaming i møte:**

Det vert vist til debatten som kom opp under handsaming av sak 39/03. Ordføraren ba om ny handsaming av sak 38/03, då dette vedtaket var kjent ugyldig. Kommunestyret slutta seg til at det skulle skje nytt val til kontrollutvalet, og at det skulle skje som ny sak.

Det vart sett fram eit felles listeframlegg frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp:

6. Tone Tysseland
7. Gisle Gardar Øye
8. Bjarne Våge
9. Svein Rødseth
10. Ellen Birgitte Nordbø

Ap sette fram følgjande listeframlegg:

5. Odd Lønnebakken
6. Ranveig Soldal
7. Ole Totland
8. Bjørg Solvang

Sp sette fram følgjande listeframlegg:

5. Helga Nygård
6. Arne Jørgensen
7. Bjørg Haukanes
8. Gottfred Haga.



Det vart røysta over liste- framlegga med følgjande resultat:  
 Ap sitt listeframlegg fekk 7 røyster,  
 Sp sitt listeframlegg fekk 3 røyster.  
 Felles listeframlegg frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp fekk 11 røyster.

**Val av leiar og nestleiar til kontrollutvalet.**

Felles listeframlegg frå Bygdalista (Bgl), H, Krf og Frp : Leiar - Gisle Gardar Øye.  
 Ap sette fram framlegg på Odd Lønnebakken som nestleiar.  
 Det vart først røysta over val av leiar, Øye vart samrøystes vald.  
 Deretter vart det røysta over val av nestleiar. Lønnebakken vart samrøystes vald.

**Vedtak:**

Følgjande representantar er valde i kontrollutvalet for Samnanger kommune:

Medlem	Varamedlem
Ap: Odd Lønnebakken	1. vara Ole Totland
Ap: Ranveig Soldal	2. vara Bjørg Solvang
Bgl: Tone Tysseland	1. vara Svein Rødseth
H: Gisle Gardar Øye	2. vara Ellen Birgitte Nordø
Bgl: Bjarne Våge	

Leiar kontrollutvalet: Gisle Gardar Øye  
 Nestleiar kontrollutvalet: Odd Lønnebakken